

# Møteinnkalling

---

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Rosendal, Folgefonsenteret

**Dato:** 16.02.2018

**Tidspunkt:** 09:30

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på e-post: [astrid.haavik@fylkesmannen.no](mailto:astrid.haavik@fylkesmannen.no) eller på telefon: 40904341. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Alle delegerte vedtak ligg ute på: [www.miljovedtaksregisteret.no](http://www.miljovedtaksregisteret.no).

For dei som skal sende reiserekning sjå:

Skjema for registrering av informasjon av eksterne for tilgang til sjølvbetjeningsportalen:

<https://fmsffmedocvwr.fylkesmannen.no/edocument.viewer/fylkesmannen/eksterne>

Her kan alle logge seg inn med MinID og registrere informasjon for å kunne motta honorar.

## Selvbetjeningsportal for mottaker av honorar

<https://dfo.no/Kundesider/Lonnstjenester/Selvbetjening/Selvbetjeningsportal/>



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/18	Underskrift av protokoll frå førre møte		
ST 3/18	Framlegg - Hogst av framande treslag i Hattebergsdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre	2018/1984	
ST 4/18	Framlegg - Søknad om organisert ferdsel og motorferdsel - Folgefonna Opp - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre	2018/1791	
ST 5/18	Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Buerdalen - Sørfonna - Motorferdsel med helikopter og snøskuter til eit forskingsprosjekt i regi av UiB	2018/1245	
ST 6/18	Tiltaksmidlar 2018 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2018	2018/1178	
RS 1/18	Årsmelding 2017 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2018	2018/1178	
DS 1/18	Deleget vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Buer Landskapsvernområde - Snøscooterkjøring - Svein Buer	2018/135	

**ST 1/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 2/18 Underskrift av protokoll frå førre møte**

Arkivsaksnr: 2018/1984-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 07.02.2018

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Folgefonna nasjonalparkstyre	3/18	16.02.2018

## **Framlegg - Hogst av framande treslag i Hattebergsdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre**

### **Tilråding frå forvaltar**

Folgefonna nasjonalparkstyre gir løyve til bygging av mellombels driftsveg for å ta ut gran i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Løyvet er heimla i forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde, § 3, 1.3. Løyvet er gitt med visse vilkår:

- Vegen skal følgje trase i vedlagt kart
- Vegen skal tilbakeførast i størst mogleg grad når hogsten er gjennomført

### **Bakgrunn for saka**

Initiativtakarar: Kvinnherad kommune, Baroniet i Rosendal og Besøkssenter Folgefonna

Etter flaum og storm er det store skadar på den populære stien frå Baroniet til Fossberg som går inn i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Brua over Hattebergselva er flaumskadd og treng reparasjon, det er mykje stormfelt skog i granfeltet sør for Hattebergselva og sjølv stien er utgraven av vatn på fleire stader.

#### **Tiltak det er behov for:**

##### Reparere bruhaugen over Hattebergselva:

Brua har to store ståldragrarar med eit tredekk som kan tåle ein traktor. Etter ein flaum i 2016 raste det eine brukaret, murt opp i naturstein, delvis ut og det er fare for at bruspennet skal dette ned. Grunneigar har fått naturskadeerstatning, men det er truleg ikkje nok midlar til å dekke heile kostnaden ved reparasjon. Entreprenør vurderer at ein må løfte heile bruhaugen opp i eitt stykke, støype opp eit nytt brukar i betong og løfte bruhaugen tilbake. Grunnen til at entreprenør meiner betong er beste løysinga er fordi det elles vil verte flytta så masse på elvemassene for å finne høveleg stein. Eit støypt brukar vil

også verte sikrare ved nye flaumar. På sørsida av elva står eit lite felt med furu som kan gjere det vanskeleg å krysse elva med stor hengar eller tømmer på lasset. Difor kan det vere aktuelt å hogge nokre av desse for å gjere det mogleg å køyre tømmer over bruа.

#### Hogst av gran:

Sør for Hattebergselva er det eit granfelt på Baroniet sin eigedom. Dette granfeltet står delvis inne i landskapsvernområdet. Det er ønske om å hogge dette skogen, då han er nær hogstmoden. I tillegg står skogen slik til at han hindrar innsyn til Hattebergsfossen som elles ville vere eit flott skue frå stien. I verneområdet er det også ønskje om å fjerne framande artar. Hogsten vert ikkje rekningssvarande, då det er krevjande terreng. Det er aktuelt å ta ut mest mogleg tømmer med traktor og vinsj opp og over elva. I fyrste omgang er det stormfelte tre og tre langs elva som vert tekne ut (sjå kart).

#### Enkel driftsveg:

For å ta ut gran er det naudsynt med ein enkel driftsveg frå hogstfeltet og opp til bruа. Dette er søknadspliktig etter verneforskrifta. Traseen for skogsvegen er teikna inn på kartet.

#### Oppgradere stien:

I etterkant av hogsten er det naudsynt med ein oppgradering av eksisterande sti. Her er det mykje flaumskader og liknande. Det er ikkje nærmere bestemt korleis stien vil bli utforma, men kanskje er det aktuelt å mure opp trapper og legge traseen nærmere fossen.

## **Heimel**

Hattebergsdalen landskapsvernområde er verna etter forskrift sidan 2005. Føremålet med vernet er å ta vare på eit unikt kultur- og naturlandskap og området er verna mot all aktivitet som vesentleg endrar landskapet sin art og karakter.

Det er fleire av dei tiltaka som er skisserte over som berører vernereglane og under er det lista opp kva reglar som gjeld for kvart tiltak.

### **Bru**

§ 3, 1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

- d) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

Løyve etter verneforskrift § 3, punkt 1.3 Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til:

- f) Bygging av bruer og klopper som er nødvendige i samband med beitebruk og friluftsliv.

### **Driftsveg**

§ 3, 1.3 Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til:

- i) Bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

### **Skogen**

§ 3, 2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Det er forbode å innføre nye planteartar.

### § 3, 2.3 Hogst

Reglane i punkt 2.1 er ikkje til hinder for:

- a) Hogst av ved til eigen bruk for hytter, stølar o.l. i landskapsvernområdet.
- b) Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og nødvendige skogkulturtiltak i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.
- c) Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta.

Frå forvaltingsplanen:

«Det er lov å hogge ved til hytter, stølar ol. i landskapsvernområdet og til å hogge stående kulturskog, dvs. skog som er planta med tanke på framtidig hogst. Hogst i samsvar med plan er også tillate, jf. pkt. 2.3 a-c i vernereglane. Desse retningslinene gjeld: (utdrag)

- Teigar med planta gran og lerk som er økonomisk interessante for hogst, kan stå til dei er hogstmodne, men skal då fjernast heilt. I den grad desse areala vert tilplanta etter hogst, skal dette skje med stadeigne treslag.
- Teigar med planta gran og lerk som står slik til at dei ikkje er økonomisk interessante for hogst, bør hoggast som skjøtselstiltak i den grad forvaltningsstyresmakta finn dette tilrådeleg innan gjeldande budsjetttramme. På slike areal skal det etter eventuell hogst skje naturleg forynging med stadeigne treslag, og unge planter av gran og lerk skal fjernast etter kvart.
- Det skal gjevast melding til forvaltningsstyresmakta og lokalt oppsyn når og kvar ein tek til med hogst. Forvaltningsstyresmakta og det lokale landbrukskontoret kan gi tilleggsråd om korleis hogsten bør tilpassast det aktuelle området.»

## **Motorferdsel**

5. *Motorferdsel*
- 5.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land utanom vegane, vatn og i lufta under 300 meter.

### 5.2 Reglane i punkt 5.1 gjeld ikkje:

- b) Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring.
- c) Nødvendig motorferdsel i samband med vedhogst i samsvar med punkt 2.3.

## **Stien**

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- g) Merking og opparbeiding av turstiar.

#### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

## Vurdering

### Brua

Forvaltaren vurderer at arbeidet med å reparere bruhaugen og naudsynt motorferdsel i samband med dette går inn under det som meinast i § 3, punkt 1.2 d) og at det er vedlikehald av ei eksisterande bru og at tiltaket difor ikkje treng løyve etter vernereglane.

### Hogst

Etter § 3, 2.3 b) er det opna for å kunne ta ut ståande kulturskog og hogsten er ikkje søknadspliktig. Hogsten skal gjennomførast i samsvar med forvaltingsplanen. I forvaltingsplanen er det lista opp ei rekke med retningslinjer for korleis ein skal gjennomføre hogst. Det er berre retningslinene for hogst av framande treslag som er tekne med her, då det er dei som er aktuelle. Det viktigaste er at skogen vert hogd og at alle grantre som spirar etterpå vert fjerna. Dette er eit arbeid som kjem til å ta fleire år og som krev innsats frå grunneigar og forvaltningsstyremakten.


### Driftsveg

For å kunne gjennomføre hogst og ta ut tømmer er det naudsynt med ein driftsveg. Dette er søknadspliktig etter § 3, punkt 3.1 i) i forskrifta. Der er det opna for å kunne gje løyve til bygging av mellombelse vegar for å ta ut kulturskog. Vegen må difor tilbakestilla i størst mogleg grad og leggast slik at han vert lite framtredande i landskapet. Ein bør unngå sprenging og heller flytte store steinar som kan vere i vegen. Traseen for vegen visast på kartet under. Om det ikkje vert mogleg å køyre over bruhaugen med tømmer må tømmeret køyrast lenger opp før ein krysser i elva.

Det er ikkje kjent artar eller naturtyper som kan ta skade av å bygge ein mellombels traktorveg i dette området (Naturbase sjekka 7.2.2018).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Det er planlagt å hogge manuelt og ta ut tømmeret med vinsj og traktor og det vil gje minimale spor i landskapet.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Landskapet her toler godt mellombelse inngrep om dei vert tilbakeførte. Forvaltaren har vurdert samla belasting i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.



## Motorferdsel

All motorferdsel som er skildra til dette tiltaket vert vurdert som dekka av dei fullmaktene som ligg i vernereglane og det er difor ikkje naudsynt å gje løyve til motorferdsel.

## **Stien**

Vedlikehald av eksisterande sti er ikkje søknadspliktig. Om det vert store omleggingar av stitraseen eller om han vert vesentleg endra er det opna for å söke om løyve til dette gjennom § 3, punkt 1.3 g). Sidan det ikkje er nærrare planlagt korleis utforming stien vil ha, ventar vi med å vurdere om dette treng løyve frå forvaltingsstyresmakta.

Arkivsaksnr: 2018/1791-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 02.02.2018

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Folgefonna nasjonalparkstyre	4/18	16.02.2018

## **Framlegg - Søknad om organisert ferdsel og motorferdsel - Folgefonna Opp - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre**

### **Tilråding frå forvaltar**

Ænes og Mauranger Bygdelag får løyve til å arrangere motbakkeløpet Folgefonna Opp i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Vedtaket er fatta med heimel i *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde*, § 3 punkt 4.2 og *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark*, § 3 punkt 5.2. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for arrangementa Folgefonna Opp og Maurangerdagen
- Løyvet gjeld for ein dag i august kvart år i perioden 2018 - 2021
- Løyvet gjeld for inntil 250 deltagarar på motbakkeløp Bondhus-Fonnabu, inkl. funksjonærar, mosjonistar og konkurrentar
- For heile arrangementet gjeld løyvet for inntil 1000 deltagarar
- Deltakarane skal informerast om verneområda og oppmodast til sporlaus ferdsel
- Arrangøren skal syte for handtering av avfall. Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien bli gått over same dag og søppel fjernast
- Om det vert nytta speakerteneste i målområdet skal det avgrensast til naudsynt informasjon om løpet. Lydnivået bør vere lågt for å unngå unødig støy.
- Arrangøren skal sende ein årleg rapport (tal deltagarar og erfaringar) til nasjonalparkstyret om gjennomføring av arrangementet. Tilbakemelding på e-post til; [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) Referanse: 2018/1791

Ænes og Mauranger Bygdelag får løyve til å nytte ATV og/eller bil til transport av varer og naudsynt materiell i samband med motbakkeløpet Folgefonna Opp og Maurangerdagen. Vedtaket er fatta med heimel i naturmangfaldlova § 48. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for ein dag i august kvart år i perioden 2018 - 2021
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Motorferdsla skal finne stad på vegen mellom parkeringsplassen og Sandarvollen i Bondhusdalen

- Talet på turar skal avgrensast så mykje som råd, og gjeld berre for naudsynt transport av varer og utstyr i samband med arrangementa

Motorisert ferdsel i samband med redningsverksemd der liv og helse står i fare er tillate med heimel i *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 5.2.a, og er ikkje søknadspliktig. Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innafor verneområdet ikkje set til side reglane i *Lov om motorferdsel* eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

Løyvehavar står sjølv ansvarleg for å innhente samtykke frå aktuelle grunneigarar i samband med arrangementet og motorferdsla.

## Søknaden

Ænes og Mauranger Bygdalag v/ Ottar Eide søker i brev datert 23.01.2018 om løyve til å arrangere motbakkeløpet Folgefonna Opp i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark laurdag den 11. august 2018. Ænes og Mauranger bygdalag står ansvarleg for å avvikle arrangementet. Ynskje er å skapa liv i bygda og interesse for regionen.

Starten på motbakkeløpet vert parkeringsplassen i Bondhusdalen. Deltakarene spring inn dalen, opp vegen til Gardshammar og vidare på sti til målgang på Fonnabu. Det vil også gå eit kortare løp frå parkeringsplassen og opp til Gardshammar for juniorar og eit barneløp til samlingsplassen på Sandarvollen.

Dette vil i hovudsak innebera aktivitet til fots, både for deltakarar og funksjonærar. Motbakkeløpet har vore arrangert 6 gonger sidan 2012. Dei 2 første gongene med Folgefonna IL som arrangør, og med Ænes og Mauranger Bygdalag som arrangør sidan. Deltakartalet har vore mellom 25 til 88. Tilbakemeldingane frå løparane er svært gode og bygdalaget håpar no på auka interesse sidan løpet er meir kjent. For å ta høgde for dette søker dei om eit deltagarkort på 500.

Løpet vil vere om lag 6 timer frå starten til deltakarane er nede att på Sandarvollen. Bygdalaget vil samstundes arrangere Maurangerdag på Sandarvollen inne i landskapsvernområdet. Her blir det sal av tradisjonsmat, ulike aktivitetar for born og vaksne, samt musikalske innslag og premieutdeling etter løpet. Maurangerdagane vil skape ei fin ramme kring løpet og bli ein folkefest.

Det vert samstundes søkt om løyve til motorferdsel, fortrinnsvis med ATV, i samband med frakt av utstyr i samband med arrangementet. Den motoriserte ferdsla vil i hovudsak gå føre seg langs traseen frå parkeringsplassen ved Smalastølen til Sandarvollen.

Søkjar ønskjer eit fleirårig løyve til arrangementet.

## Vurdering av saka etter verneforskrifta

Saka gjeld organisert ferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark, samt motorisert ferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde. Søknaden må vurderast med heimel i *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* og *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark*.

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 5.2 og *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 4.2, står det om organisert ferdsel:

*«Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje vert skadelidande. Annan organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsmyndigheita. Ut over dette vises det til forvaltningsplanen i § 5».*

I høve forvaltingsplanen må organisert ferdsel til fots som kan vera til skade for naturmiljøet ha særskilt løyve.

*"Organisert ferdsel har ein når ein aktivitet krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking".*

**Retningsliner for friluftsliv:**

- *Anna organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve, jf. pkt. 5.2 i vernereglane. Ved handsaming av søknadar om organisert turverksemd og ferdsel som kan skade naturmiljøet, er det den innverknaden tiltaket vil ha på verneføremålet som skal vurderast, ikkje om tiltaket er kommersielt eller ikkje. Forvaltingsstyresmakta skal vurdere:*
  - *Om verksemda kan medføre særleg fysisk tilrettelegging utover det som er aktuelt for å drive enkelt friluftsliv.*
  - *Om verksemda kan vere til sjanse for friluftslivet elles.*
  - *Om det kan setjast nærmare vilkår for løyve til anna organisert ferdsel.*
- *Faste arrangement kan få fleirårige løyve.*

Forvaltaren meiner at motbakkeløpet og Maurangerdag er av eit slikt omfang at det krev løyve frå forvaltingsstyresmakta og at arrangementet er såpass fast at det kan få eit fleirårig løyve.

**Motorferdsel i Bondhusdalen landskapsvernombord:**

I følgje verneforskrifta for Bondhusdalen landskapsvernombord § 3 punkt 5.1 er *motorferdsel forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter.*

Verneforskrifta opnar i utgangspunktet ikkje for motorferdsel i samband med omsøkte arrangement inne i verneområdet. Søknaden må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova som opnar for at ein kan gje dispensasjon frå verneforskrifta dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

**Vurdering av saka etter naturmangfaldlova:**

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

I landskapsvernombordet og nasjonalparken skal det vere ein meir restriktiv praksis for slike arrangement enn utanfor verneområda. I verneområda skal besøkjande kunne oppleve fred og ro. Eit mål er å oppretthalde områda som attraktive turområde kor ein kan utøve enkelt og tradisjonelt friluftsliv. All ferdsel skal skje med varsemd slik at ein ikkje skadar natur- eller kulturminne. Ved handsaming av søknader om organisert ferdsel må nasjonalparkstyret vurdere om aktiviteten kan gje negativ verknad på naturmiljøet og det tradisjonelle friluftslivet.

Motbakkeløpet Folgefonna Opp har no blitt arrangert i Bondhusdalen i seks år (frå 2012), og nasjonalparkstyret har motteke rapport frå alle desse løpa.

Deltakarar i motbakkeløpet er vist i tabellen under:

	Arrangert	Deltakarar
2012	25.08	22

<b>2013</b>	24.08	23
<b>2014</b>	23.08	51
<b>2015</b>	22.08	88
<b>2016</b>	27.08	68
<b>2017</b>	26.08	64

Motbakkeløpet har alle år vore arrangert saman med Maurangerdag på Sandarvollen, med ulike aktivitetar for born og vaksne. Det har vore om lag 200 deltagarar på dette arrangementet i alle år. Ænes og Mauranger bygdalag har rapportert frå løpet i 2016, og der nemner dei mellom anna:

- Alt boss og liknande vart plukka opp, både på Sandarvollen, på stien, elles i fjellet og ved Fonnabu.
- Det var ikkje teikn til særskild slitasje på vegetasjonen eller på stien.
- Arrangøren hadde god dialog med grunneigarar og bønder som held seg i området.
- Arrangøren respekterte reglane for motorisert ferdsel.
- Alle deltagarar fekk beskjed om å halde seg på stien, samt ta vare på boss og liknande.

Staten naturoppsyn har vore på synfaring i etterkant av dei første løpa og har ikkje hatt nokon merknader til korleis området har vore etter gjennomført arrangement.

Naturmangfaldlova §§ 8-12 gjev viktige prinsipp for å vurdere kunnskapsgrunnlaget, samla belasting og mest skånsam gjennomføring.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av snøskuter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsela på denne tida av året (databasane er sist sjekka 06.04.2017). Motbakkeløpet har no vore arrangert seks gonger. Det er ikkje registrert negative verknader på verneverdiane etter desse arrangementa. Statens naturoppsyn registererer markslitasjen i området kvart tredje til femte år, slik at ein har oversikt over utviklinga.

Løpet skjer på grusvegen inn Bondhusdalen og vidare opp Gardshammarvegen før det fortset på sti opp til Fonnabu. Ferdsla er kanalisert på tilrettelagt underlag i terrenget, og faren for slitasje vil vera størst frå Gardshammar til Fonnabu der ein går frå å grusa veg over til sti. I gjennomsnitt er det 16 000 – 17 000 personar som kvar sommarsessong ferdast i området. Forvaltaren er ikkje kjend med særskilte skader på grusvegen eller stien frå denne ferdsla, forutan ordinær markslitasje.

Turar til fots i verneområda er uproblematisk så lenge det føregår på ein måte og med eit omfang som ikkje skader naturmiljøet. I denne saka er det søkt om inntil 500 deltagarar. Konsentrert ferdsel i eit kort tidsrom kan gje meir slitasje enn om ferdsla vert over lengre tid, særleg i fuktige parti. Om det vert mykje nedbør vil det påverke slitasjen meir enn om det vert tørt. I forkant av arrangementet i 2017 vart det lagt ned klopper som førebyggande tiltak på dei fuktigste partia og det var eit vellukka tiltak. Styresmakta vil følgje med på markslitasjen etter motbakkeløpet, slik at ein har høve til å gå inn og regulere talet på deltagarar dersom ein ser at løpet fører til for store skadar på terrenget. Forvaltar har delt tak på deltagarar i to, maks 250 deltagarar på motbakkeløpet Bondhus-Fonnabu og maks 1000 deltagarar på heile arrangementet. Grunnen til dette er at forvaltar meiner dei to delane av arrangementet er så ulike i utstrekning at det er lurt å skilje dei ulike aktivitetane frå kvarandre. Desse takna vil ikkje setje avgrensingar på arrangementet slik deltagartalet har vore til no. Om det vert betydeleg større interesse for arrangementet og deltagartalet vert over dei rammene som er sett her er det naudsint med nye vurderingar av korleis ferdsla må avpassast for å vise omsyn til verneverdiane.

I sommarsesongen kan det vere fleire hundre turistar og turgåarar i Bondhusdalen. Dei fleste kjem for å oppleve urørt natur og villmarkskjensla og eit idrettsarrangement kan øydeleggje mykje av deira oppleveling. Mange er utlendingar og har ingen føresetnader for å vite at det er planlagt eit idrettsarrangement. Det er viktig at arrangørane viser omsyn til andre turgåarar og informerer godt. Difor bør også ein eventuell speakerteneste verte brukt så lite som mogleg for ikkje å forstyrre turgåarar for mykje.

#### Motorferdsel til Sandarvollen

Det er søkt om å frakte utstyr og mat inn til Sandarvollen i Bondhusdalen landskapsvernområde. Motorferdsla vil skje på eksisterande veg og fører ikkje til slitasje på vegetasjon. Den delen av landskapsvernområdet som skal nyttast til Maurangerdagen er kulturmark, og representerer ikkje den mest sårbare naturen i Bondhusdalen. Avgrensa motorferdsel på vegen inn til Bondhusvatnet vil ikkje føre til skader på naturmangfaldet, men kan skade opplevingsverdien i området. Arrangørane skal halde den motoriserte aktiviteten som arrangementet medfører på eit minimum.

Forvaltaren vurderer det slik at arrangementet med noko naudsynt motorferdsle ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig, som er kravet for å gje løyve etter § 48 i naturmangfaldlova.

Forvaltaren meiner kunnskapen om tiltaket sin påverknad på naturverdiane er gode, då arrangementet har vore vellukka i seks år utan synlege spor, § 9 om føre-var prinsippet vil difor ikkje bli tillagt vekt.

#### *§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning*

Forvaltaren vurderer at sjølve Maurangerdagen og avgrensa motorferdsle i samband med denne og Folgefonna Opp isolert sett ikkje vil vere i strid med verneføremålet. Men vert det aktuelt med fleire slike arrangement årleg i kombinasjon med annan auka bruk av området, kan det samla sett vere negativt for naturmiljøet og verneføremålet. Kvar søknad må difor vurderast for seg og ut i frå ei samla belastning i området. No er samla belasting vurdert som avgrensa.

#### *§ 11 kostnadane ved miljøskadar*

Det er ikkje forventa at tiltaket skal føre til skade på naturmangfaldet, med kunnskapen vi har om området no. Om det skulle oppstå skadar er løyvehavar ansvarleg for å dekkje eventuelle kostnader med avbøtande tiltak.

#### *§ 12 forsvarlege teknikkar og driftsmetodar*

Arrangøren må kontakte grunneigarane i området for samarbeid til gjennomføring av løpet. Aktuelle avklaringar er parkeringstilhøve, husdyr på beite (grinder) og eventuell landbruksdrift.

Med dei positive erfaringane vi har frå dei tidlegare arrangementa, meiner forvaltaren det er tilrådeleg å gje fleirårig løyve til gjennomføring av Folgefonna Opp og Maurangerdagen i fire år 2018-2021.

Arkivsaksnr: 2018/1245-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 05.02.2018

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Folgefonna nasjonalparkstyre	5/18	16.02.2018

## **Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Buerdalen - Sørfonna - Motorferdsel med helikopter**

### **Tilråding frå forvaltar**

Universitetet i Bergen, Institutt for geovitenskap ved Jostein Bakke får løyve til bruk av snøskuter i samband med måling av istjuknad på Sørfonna og Nordfonna. Løyvet er gitt med heimel i verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48. For løyvet gjeld følgande vilkår:

- Løyvet gjeld arbeid for å måle istjuknad på Sørfonna og Nordfonna og transport av utstyr inn og ut av nasjonalparken.
- Løyvet gjeld også for to helikopterturar Buer-Holmaskjera for transport av utstyr inn til breen.
- Løyvet gjeld i perioden 1. mars til og med 1. mai 2018
- Før transport skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, enten på e-post [olaf.bratland@miljodir.no](mailto:olaf.bratland@miljodir.no) eller på tlf. 970 23 013
- Det skal først køyrebok som viser dato, kørerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynnar
- Køyreboka og løyvet skal fylgja med under transporten.
- Køyreboka skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 15.juni. Referanse 2018/1245.

Me gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje sett til side reglane i motorferdsellova. Kontakt kommunane om dette.

### **Bakgrunn for saka**

Universitetet i Bergen, Institutt for geovitenskap ved Jostein Bakke søker i brev av 23. januar 2018 om løyve til å køyre med snøskuter på Nordfonna og Sørfonna innafor Folgefonna nasjonalpark. Føremålet med denne transporten er å måle istjuknaden med breradar og georadar. Det er søkt om to oppdrag:

- 1) Test av breradar på Nordfonna. Dette vil ta ein dag og krevje at ein køyrer opp på breplataet på Nordfonna frå sommarskisenteret.
- 2) Måling av istjuknad på Sørfonna. Det er rekna at ein treng ei heil veke til å gjennomføre undersøkingane. Det vert oppretta ei base for arbeidet på Fonnabu eller Holmaskjer. Søkjar ønskjer å utføre desse undersøkingane i veke 11. Det er vanskeleg å setja ein eksakt dato, då arbeidet må utførast når været er bra. På grunn av vanskelege køyreforhold ved mykje snø vil dei frakte utstyret opp på breen med helikopter og ned igjen med snøskuter når arbeidet er ferdig.

Bakgrunnen for søknaden er ei vidareføringa av eit pilotprosjekt som Universitetet i Bergen og Bjerknessenteret hadde i 2011 på Nordfonna. Dei samla då inn om lag 350 km med djupne data som har vore grunnlaget for modellering av isen fram til år 2100. Prosjektet er finansiert av Bjerknessenteret, Statkraft og Sunnhordland kraftlag . Formålet med undersøkingane er å kartlegge moglege vassvegar under isen i eit framtidig klima der breen er mindre, samt gjere volumberekingar av is mengda på breen. Dette er informasjon som er svært viktig for kraftprodusentane kring breen å ha. Det vil også vere viktig kunnskap for å kartlegge framtidas endring i drenering og dei konsekvensar dette har for biologisk liv.

#### **Tilhøve til gjeldande planar og lovverk:**

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

I forvaltingsplanen er desse retningslinene:

- *Forsking og undervising som vert lagt til verneområda skal ta omsyn til verneføremålet.*
- *Forskningsprosjekt som krev dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova skal utførast av instans med relevant forskingskompetanse.*
- *Forskningsprosjekt som vil medføre motorferdsel eller inngrep vert generelt fråradd, men må vurderast i kvart enkelt tilfelle.*
- *Forsknings- og undervisningsopplegg som like gjerne kan gjennomførast utanfor verneområda, bør visast dit.*

Om det ikkje er direkte heimel i verneforskrifta til å gjennomføre eit tiltak må tiltaket heimlast etter § 48 i naturmangfaldlova. Etter § 48 i naturmangfaldlova kan forvaltingsstyretemakta gjere unntak frå vernereglane ved nokre høve og berre om det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

## **Vurdering av saka:**

Det har vore gitt løyve til det same tiltaket på Midfonna og Sørfonna i 2015, 2016 og 2017 og til undersøkingar på Nordfonna i 2011 og 2017. Det har ikkje vore nemnd tidsrammer for prosjektet, men i søknaden frå 2017 reknar dei med at det vart den siste sesongen med feltarbeid. I 2015 og 2016 vart det søkt om og gitt løyve til 600 km med køyring med breradar, for 2017 vart det ikkje sett opp nokon kilometeravgrensing. Universitetet i Bergen må reknast å vere ein instans med relevant forskingskompetanse. Dette er ikkje forsking som kan gjerast utanfor verneområdet. Motorferdsla er i dette tilfellet massiv, då prosjektet i praksis går ut på å köyre fram og tilbake på breen med snøskuter i seks heile dagar. Samstundes er tiltaket avgrensa over tid og inneber ingen permanente inngrep i nasjonalparken.

Forvaltaren ser at dei undersøkingane som Universitetet i Bergen, Institutt for geovitenskap har tenkt å utføre på Sørfonna og Nordfonna vil gje nyttig informasjon. Styret må ta stilling til om forskingsprosjektet kan få løyve

## **Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12**

I følgje § 8 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn ved vurdering av saka. Generelt medfører motorisert aktivitet ulemper som støy, forureining, forstyrring av dyreliv og tidvis konflikt med friluftslivet. Den omsøkte aktiviteten vil gje stor aktivitet over eit kort tidsrom. Likevel vil ikkje køyring på sjølve breen føre til varige spor i terrenget og einaste negative verknad vil vere støy når sjølve tiltaket vert gjennomført og dei spora som det medfører.. Det er ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar som vil ta skade av den motoriserte aktiviteten, jf. Naturbase og Artskart (sist sjekka 17.02.2017). Forvaltaren meiner difor at kunnskapsgrunnlaget er godt, og § 9 om førevar prinsippet vil difor ikkje bli tillagt vekt i saka.

Ein skal vurdere motorferdsla opp mot samla belasting i området jf. § 10. Forvaltaren meiner den omsøkte transporten aleine ikkje vil føre til at den samla belastninga vert for stor i området.. Ein ser heller ikkje at eit løyve vil føre til eit auka press, da det ikkje vil være liknande saker i verneområdet. Denne saka vil difor ikkje gje presedens i andre saker. Etter denne sesongen har ein gjort kartleggingar i til saman 5 år på Folgefonna. Det er viktig å understreke at det ikkje vil verte høve å søke om tilsvarande tiltak framover. Om ein om ein tiårs periode ønskjer å kartlegge på nytt, kan det vurderast om ein vil opne for ei nykartlegging.

Søkjar har tenkt å köyre to snøskutrar på breen i seks dagar. Faren for lekkasjer, havari og liknande aukar betrakteleg jo lenger ein befinn seg i området. Alle kostnader og arbeid ved ei eventuell miljøforringing som følgje av tiltaket tilfell søkjar jamfør § 11 om kostnad ved miljøforringing.

Jf. § 12 i naturmangfaldlova skal ein vurdere driftsmetode, teknikk og lokalisering som er mest skånsam for naturmiljøet. Forvaltaren kan ikkje sjå at det finst alternative måtar (eller stader) å utføre disse undersøkingane på. Og meiner difor at motorferdsla som det søkast om er naudsynt. Forvaltar er ikkje kjent med at det finst andre og meir skånsamme metodar for kartlegging av isdjupne.

Ut i frå at tiltaket vil gje viktige og nyttige resultat utan så veldig store varige verknader meiner forvaltaren at undersøkingane kan gjennomførast slik det er søkt om. Forvaltaren meiner at desse undersøkingane som skal gjennomførast er viktige, og vil kunne gje nyttig informasjon både for forskarane og forvaltningsstyresmakta. Denne typen forskingsaktivitet er avgrensa og ligg innanfor dei måla som er sett i forvaltingsplanen. Krava for å gje løyve etter § 48 i naturmangfaldlova er oppfylt.

Arkivsaksnr: 2018/1178-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 08.02.2018

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Folgefonna nasjonalparkstyre	6/18	16.02.2018

## **Tiltaksmidlar 2018 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2018**

### **Tilråding frå forvaltar**

Inga tilråding.

## Verneområde Skildring

Søkt om

## Tildelt Info

### TILTAK DET VAR SØKT OM MIDLAR TIL I 2017

Bondhusdalen LVO	Reparere bru ved Sandarvollen <i>Brua på Sandarvollen treng rekkverk etter ein flaum</i>	10 000	Utbetalt januar 2018
Buer LVO	Utbetring av sti til Buerbreen <i>Stien til Buerbreen er mykje brukt (over 20 000 besökande kvart år). Nokre parti av stien er vanskeleg å forvere og andre parti er sterkt prega av slitasje og treng tilrettelegging for å vere trygge.</i>	100 000	
Tokheimslia	Utbetring av Ridestien i Tokheimslia <i>Ridesti til Folgefonna er ein del av den historiske vandreruta over Folgefonna. Stien går frå Tokheim i Odda til turisthytta Holmaskjær og vart opna i 1902. Stien vart restaurert i 2000-2002. Stien går i eit bratt landskap med mykje lausmassar. På grunn av aukande nedbør og fleire store snøskred har stien vorte vaska vekk mange plassar. Strekninga som skal forbetrast går delvis inn i Buer landskapsvernombjøde. Dette er ein av hovudinnfallsårene inn i Folgefonna nasjonalpark. Odda/Ullensvang turlag har sett ned ei prosjektgruppe som tek på seg arbeidet med restaureringa. Det er søkt om pengar til DNT, Odda kommune, og diverse sparebankstiftingar. Totalsum for tiltaket er rekna til 1 million kroner og nasjonalparkstyret vil bidra i eit spleiseland.</i>	300 000	
Brukarundersøking	Miljødirektoratet vil ha standardiserte brukarundersøkingar i alle nasjonalparkane i landet	265 000	Søkt om på driftsmidlane

### TILDELINGAR

Frå Miljødirektoratet	
Tildelt til SNO	
Tiltak i verneområde – pott	
Besøksstrategi	

På fond			
	Besøkssenter - Høgst Hatteberg	160 000	Midlar frå fondet til besøkssenteret
<b>SUM</b>	<b>675 000</b>		
<b>REST</b>			



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

Rapport

# Årsmelding 2017

## Folgefonna nasjonalparkstyre



# Innhold

<b>1 Generelt.....</b>	<b>3</b>
<b>2 Saker.....</b>	<b>4</b>
<b>3 Tiltak / bruk av midlar .....</b>	<b>4</b>
<b>4 Forvaltar.....</b>	<b>4</b>

---

Vedlegg:  
[1. vedlegg 1]

# 1 Generelt

Folgefonna nasjonalpark og dei fire tilliggjande landskapsvernområda, Bondhusdalen, Ænesdalen, Hattebergsdalen og Buerdalen, vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 29. april 2005. Verneområda omfattar dei fem kommunane Etne, Jondal, Kvinnherad, Odda og Ullensvang. Det verna arealet er til saman 599 km<sup>2</sup>, og av dette utgjer nasjonalparken 545 km<sup>2</sup>

StyretDet vart konstituert nytt styre for Folgefonna nasjonalparkstyre 15. mars 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Verneområdestyret for perioden 2016-2019 er samansett slik:

Rolle	Ordinært medlem	Varamedlem	Representerer
<b>leiar</b>	Jon Larsgard	Reidun Haugen Dalseth	<i>Jondal kommune</i>
<b>nestleiar</b>	Siri Klokkerstuen	Ingemund Berge	<i>Etne kommune</i>
<b>styremedlem</b>	Leif Sverre Enes	Olav Gunnar Hjelmeland	<i>Kvinnherad kommune</i>
<b>styremedlem</b>	Solfrid Borge	Kåre Olav J. Grønsnes	<i>Ullensvang herad</i>
<b>styremedlem</b>	Roald Aga Haug	Linda Haugland Jondahl	<i>Odda kommune</i>
<b>styremedlem</b>	Benthe Bondhus	Olav Magnus Hammer	<i>Hordaland fylkeskommune</i>

Styret har hatt fire ordinære styremøte i 2017. I tillegg var det ein epost-handsaming i nasjonalparskyret.I juni var nasjonalparkstyret på styremøte i Jondal der vi fekk ein presentasjon av arbeidet til Folgefonna Breførarlag. Styret var også på synfaring på Sommarskisenteret der vi fekk presentert arbeidet med å lage eit nytt besøkssenter/servicebygg som eit samarbeid mellom breførarlaget og Fonna sommarskisenter. Styremøtet 20. mars vart også konstituerande for fagleg rådgjevande utval (FRU) som består av representantar for grunneigarar, frivillige organisasjonar og representantar for lokalt næringsliv som har interesser inn i verneområda. Samansetning av FRU er vist under:

<b>Grunneigarar</b>	Per Måkestad
	Bjørn Buer
	Øyvind Utne
<b>Folgefonna Breførarlag</b>	Åsmund Bakke
<b>Rosendal turisthotell</b>	Ove Hillestad
<b>Reiseliv i Etne</b>	Nina Kaltwasser, Per Martin Kjellesvik
<b>Vasskraft</b>	SKL, Erling Otterlei
<b>FNF, Hordaland</b>	Ørjan Sælensminde

<b>Naturvernforbundet Hordaland</b>	Oddvar Soldal
<b>Norsk ornitologisk forening</b>	Rune Voie
<b>Bergen og Hordaland turlag</b>	Johnny Bjørge

27. november hadde nasjonalparkstyret og FRU dialogmøte om besøksstrategi der vi diskuterte innspel til førsteutkast.

## 2 Saker

Desse sakene vart handsama av styret i 2017

Type	Saker	Dispensasjon	Motorferdsel	Adm	Økonomi	Planar
<b>Styresak</b>	<b>16</b>	5	2	3	5	1
<b>Delegert vedtak</b>	<b>22</b>	1	21			

Besøksstrategi:

Bakgrunn:

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok i 2016 å utarbeide ein besøksstrategi for nasjonalparken og landskapsvernområda. Besøksstrategien skal bidra til at besökande til verneområda skal få best mogleg opplevingar og legge til rette for lokal verdiskaping, utan at dette går ut over natur- og verneverdiar. Alle nasjonalparkar og store verneområde skal ha på plass besøksstrategi innan 2020. Besøksstrategien vil då vere eit viktig styringsdokument for prioritering av tiltaksmidlar og andre ressursar.

I styremøte 20. mars vedtok Folgefonna nasjonalpark ein prosjektplan for arbeidet med besøksstrategi.

Forvaltaren har samla informasjon og laga eit førsteutkast som vart presentert for styret og fagleg rådgjevande utval på møte 27. november.

## 3 Tiltak / bruk av midlar

I 2017 fekk Folgefonna nasjonalparkstyre tildelt totalt 200 000 over bestillingsdialogen. I tillegg vart styret tildelt 50 000 kroner over driftsbudsjettet til arbeidet med besøksstrategi. SNO lokalt fekk 39 000 til ulike tiltak. I tillegg har nokre tiltak vorte finansiert gjennom Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark.

Bruken av tiltaksmidlane:

TILTAK DET VAR SØKT OM MIDLAR TIL I 2017	Søkt om	Bruk
Forprosjektering innfallsport Etne		
<i>I tråd med besøksstrategi (under arbeid) vil Folgefonna nasjonalparkstyre vere med å tilrettelegge for ein innfallsport/utsiktspunkt for Folgefonna i Etne. Forprosjektering vil gå ut på å planlegge kor eit slikt informasjonspunkt skal ligge og planlegge utforming og gjennomføring av tiltaket</i>	50 000	20 000*
Benker og bord ved innfallsport Buer	70 000	
<i>Innfallsport Buer opplever stor auke i tal besökande og det er ønskjeleg å tilrettelegge med bord og benkar for dei besökande nede i sjølve Buer. I tråd med besøksstrategi (under arbeid)</i>		
Reparere bru ved Sandarvollen	10 000	*
<i>Brua på Sandarvollen treng rekkrverk etter ein flaum</i>		
Hengebru over Skrelet	15 000	15 000
<i>Innfallsport Ullensvang, Buførevegen har behov for eit infrastrukturtiltak ved ei bru for å kunne gje gåande eit godt alternativ for å kome inn på stien frå Reiseter. Tiltaksmidlane vil dekke brukar og fundamentering.</i>		
Utbetring av sti til Buerbreen	100 000	
<i>Stien til Buerbreen er mykje brukt (over 20 000 besökande kvart år). Nokre parti av stien er vanskeleg å forsere og andre parti er sterkt prega av slitasje og treng tilrettelegging for å vere trygge.</i>		
Reparere bru ved Fossberg	50 000	
Kartlegging av kulturminne	100 000	
Kartlegge stislitasje	50 000	
Besøksundersøking	50 000	

Løveskilt	20 000	20 000
<b>TILTAK SOM HAR KOME SEINARE</b>		
Ringverknadsanalyse av opplevingsbasert turisme på Folgefonna halvøya		50 000
Plastring i Hattebergselva		30 108
Gardshammarvegen - ras		118 000
<b>TILDELINGAR</b>		
Frå Miljødirektoratet		
	Tildelt til SNO	39 000
	Tiltak i verneområde – pott	200 000
	Besøksstrategi	50 000
<b>SUM</b>	<b>289 000</b>	<b>253 108</b>
<b>REST</b>		
		<b>35 892</b>

\*- resten av beløpet vart betalt ut januar 2018.

Restbeløpet frå tiltaksposten vart etter avtale mellom leiar i nasjonalparkstyret, Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Hordaland brukt til tiltak i andre verneområde i Hordaland.

Driftsmidlar: Styret fekk tildelt 200 000 til drift av styret for 2017. Midlane vert brukt til å dekke møteutgifter, reisekostnader og liknande for styret og rådgjevande utval. Overskytande beløp ved årsslutt vart i år brukt til å oppgradere informasjonen om Folgefonna nasjonalpark i Folgefonsenteret.

## 4 Forvaltar

Forvaltaren har kontorstad i Folgefonsenteret og har jobba 80 % i heile 2017.

Kurs, seminar og konferansar som forvaltaren har delteke på i 2016:

- Dagsmøte med verneområdeforvaltarane på Vestlandet på Leikanger i februar
- Dagsmøte med Miljødirektoratet i Bergen om brukerundersøkingar
- To dagar fagsamling om besøksforvalting på Geilo
- Dagsseminar om verdien av urørt natur i Bergen, arrangør: Bergen og Hordaland turlag

- Tre dagar verneområdeforvaltarsamling for heile landet arranger av Miljødirektoratet i Tromsø i september
- Studietur med klima- og miljøvernavdelinga i Hordaland til Frankrike
- To dagar samling med verneområdeforvaltarane på Vestlandet på Leikanger i oktober
- Møte med administrasjonen i Odda kommune om innfallsport Buer

### Synfaringar

- Hattebergsdalen
  - 4 synfaringer under arbeidet med å legge ny vassledning, med kommunen, entreprenørar og konsulentfirma.
  - 2 synfaringar for å planlegge skjøtselshogst ved Hattebergsfossen og sjå på øydelagt bru
- Gardshammar
  - Etter ras i Gardshammarvegen vart det synfart i juni og ei synfaring i september etter opprydding
- Buer
  - Synfarte stien til Buerbreen i mai med Odda kommune for å sjå moglege utbetringar.
  - Grunneigarmøte i juni med Bjørn Buer, diskuterte ny avtale om parkering og skjøtsel
- FONNA sommarskisenter og Nordfonna, 29. mai
  - Med styret
- Innfallsport Langfoss
  - Synfaring med Nina Kaltwasser for å avklare innfallsport på Langfoss
  - Også synfaring Rullestad, Vintertun og Skare og infopunkt Tokheimslia



Bilete frå arbeidet med vassleidning i Hattebergsdalen. Her har Musland maskin laga ein terskel foran ei grøft for å legge til rette for ein yngledam for frosk.



**DS 1/18 Delegert vedtak - Folgefonna Nasjonalpark - Buer  
Landskapsvernombudet - Snøscooterkjøring - Svein Buer**